

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	16/162	17/5267

### Kommunedelplan Bø - presentasjon planarbeid - styringsgruppe

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Som del av prosessen med utarbeiding av kommunedelplan for Bø (planID: 12602016000100 ) ynskjer rådmannen å presentera arbeidet som er gjort og det som pågår no. Radøy formannskap er styringsgruppe for planarbeidet og i den samanheng vert det sett av litt tid til å gje innspel til planprosessen.

##### Agenda:

Presentasjon og gjennomgang av Funksjonell strandsoneanalyse.

Arbeidet med plankart og plandokumenta. ( tema: Kommunedelplan vs Områderegulering)

Diskusjon og innspel til planprosessen.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ikkje framlegg til vedtak i denne saka

#### Formannskapet i Radøy - 023/2017

##### FS - handsaming:

Planansvarleg Rolf Raknes orienterte om arbeidet med kommunedelplan for Bø. Det er gjort ei analyse av funksjonell strandsone, som er eit tema i planprosessen. Kartlegging av strandsona skal vera grunnlag for arealbruk i strandsona og for byggjegrænse mot sjø i kommunedelplanen. Kartlegginga dannar grunnlag for ei kvalitetsvurdering og differensiering av 100 meter-beltet langs sjø og vassdrag.

Raknes presenterte også arbeidet med plankart og plandokument, og han svara på spørsmål.

Plankonsulenten har håp om at kommunedelplanen skal vera ferdig og leggest ut på høyring før sommarferien.

Formannskapet, som er styringsgruppe for kommunedelplan for Bø, gjorde ingen vedtak i saka.

##### FS - vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

**Vedlegg:**

Kartlegging av funksjonell strandsone i kdp for Bøvågen i Radøy